



VINJEROCK-LUA

Pinner du treng:

- Rundpinne 40 cm nr. 3
- Rundpinne 40 cm nr. 3,5
- Strømpepinner 3,5

Garn du treng:

- Garn Pt 5 sport eller tilsvarende med strikkefastheit 24 m pr. 10 cm og 128 meter pr 50 g.
- To nøster i botnfarge og eit nøste i mønsterfarge.

Strikk:

- Legg opp **128 masker** på pinne 3 og strikk vrangbord **2 rett og 2 vrang i 10 omgangar**.
- Byt til pinne nr 3,5 og hald fram med diagrammet.
- Når du har strikka heile diagrammet, tek du til på felling.

Felling:

- Fell jamt fordelt **8 masker** på fyrste omgang etter diagrammet.
- Strikk **10 masker rett**, strikk så **2 masker rett saman**, strikk 1 omgang utan felling.
- Gjenta desse 2 omgangane med ei maske mindre mellom fellingane til du har att **24 masker**.
- Strikk då **2 og 2 saman** ut omgangen.
- Trekk tråden gjennom dei som er att, og snurp godt saman. Fest alle endane godt.

